



Byggmester Steinar Vikebø  
Bergvegen 26  
5152 BØNES

Referanser:  
Dykkar:  
Vår: 16/1000 - 16/8200

Saksbehandlar:  
Lillian Straumøy Brakstad  
lillian.s.brakstad@meland.kommune.no

Dato:  
04.05.2016

## Godkjenning - påbygg og fasadeendring bustad på Vikebø, gbnr 45/12.

**Administrativt vedtak. Saknr: 111/2016**

**Tiltakshavar:** Øystein F. Vikebø  
**Ansvarleg søkjar:** Byggmester Steinar vikebø  
**Søknadstype:** Søknad om løyve til tiltak med ansvarsrett etter plan- og bygningslova (pbl.) § 20-1

### Saksutgreiing:

Saka gjeld søknad om oppføring av påbygg og fasadeendring til eksisterande våningshus på gbnr 45/12, Vikebø i Meland kommune. Storleik på påbygget er oppgjeve til 17,5 m<sup>2</sup> BRA. Det vert vist til søknad med vedlegg journalført 15.04.2016.

### Vurdering:

#### Plan- og lovgrunnlag:

Gbnr 45/12 er ein landbrukseigedom som i matrikkelen er oppgjeve med eit areal på om lag 121,7 daa. I kommuneplanen sin arealdel er området avsett til landbruks-, natur- og friluftsområde (LNF). Administrasjonen vurderer at tiltaket ikkje krev dispensasjon då søknaden gjeld påbygg til eksisterande våningshus på eigedomen. Kommunen vurderer ikkje tilbygget til å vere i strid med LNF-føremålet, men at tiltaket skal sikre tenleg oppgradering og vedlikehald av våningshuset på eigedomen.

#### Nabovarsel:

Tiltaket er nabovarsla i perioden 31.03.-04.04.2016 i samsvar med pbl § 21-3. Det er ikkje merknader til tiltaket.

#### Plassering av tiltaket og avstand til nabogrense:

Tiltaket vert godkjent plassert slik det går fram av søknaden, jf vedlagt situasjonsplan stempla godkjent 04.05.2015, jf pbl § 29-4. Tiltaket kjem ikkje i konflikt med nabogrenser.

### Planløyising, høgde og utsjånad:

Tiltaket skal oppførast i samsvar med vedlagt plan-, snitt- og fasadeteikningar stempla godkjent 04.05.2016. Kommunen vurderer at tiltaket stetter krava i pbl §§ 29-1 – 29-3.

### Ansvarsrett:

Ansvarsrett i saka går fram av erklæring om ansvarsrett journalført 28.04.2016. Ansvarlege føretak i byggesaker innestår for at tiltaket vert utført i samsvar med krav gitt i eller i medhald av denne lov, jf pbl kapittel 23.

### **Vedtak**

«Med heimel i plan- og bygningslova § 20-1 bokstav a og c, vert det gjeve løyve til tiltak for oppføring av påbygg til våningshuset på gbnr 45/12, jf søknad journalført 04.05.2016. Grunngevinga går fram av saksutgreiinga og vurderinga ovanfor.

Plasseringa av tilbygget skal vere som vist på vedlagte situasjonskart stempla godkjent 04.05.2016, med eit toleransekrav i horisontalt og vertikalt plan på høvesvis +/- 50 cm og +/- 20 cm.

Ansvarsrett gjeld i samsvar med innsendt erklæring jnr.ført 21.04.2016, jf pbl § 23-3.

Dei opplysningar om byggetiltak og tiltakshavar som kjem fram i søknaden vert registrert i matrikkelen, jf Matrikkellova. Matrikkelen er det offisielle registeret for fast eigedom, bygningar, bustader og adresse.

Dersom tiltaket ikkje er sett i gong innan tre år etter at byggjeløyve vart gjeve, fell løyvet bort. Det same gjeld dersom tiltaket vert innstilt i lengre tid enn to år, jf pbl § 21-9.

Tiltaket skal utførast i samsvar med krav og vilkår gjeve i eller i medhald av plan- og bygningslova, så framti ikkje anna er bestemt ovanfor.»

Gebyr for sakshandsaming vert ettersendt.

### Mynde

Saka er handsama og avgjort administrativt i medhald av delegert mynde, jf. kommunelova § 23 nr 4 og gjeldande delegasjonsreglement.

### Klage

Vedtaket er eit enkeltvedtak etter reglane i lov om offentleg forvaltning (fvl). Vedtaket kan klagast på til kommunen, jf. fvl. §§ 28-36. Klagefristen er 3 veker frå melding om vedtak er motteke. Det er nok at klagen er postlagt innan fristen går ut. Klagen skal sendast skriftleg til kommunen. I klagen skal det gå fram kva det vert klaga på i vedtaket, og kva endringar ein ønskjer. Klagen skal grunngjevast.

Med helsing

Anny Bastesen  
sektorsjef teknisk

Lillian Straumøy Brakstad  
konsulent

*Dokumentet er elektronisk godkjent og har difor ingen signatur.*

**Vedlegg:**  
45-12

**Kopi til:**

Øystein Vikebø

Vikebø 30

5917

ROSSLAND

**Mottakere:**

Byggmester Steinar Vikebø

Bergvegen 26

5152

BØNES